# Leikanger / Hanehaug




Leikanger, også kalla Hanehaug, er ein av dei to historiske tettstadane i Leikanger kommune.  Hermansverk, dagens sentrum,  er den andre. Eit fellesnamn for heile bygda er Systrond.
Leikanger/Hanehaug har tradisjonar tilbake til 1700-talet som handels- og poststad, trafikknutepunkt, skysstasjon og gjestgivarstad. Leikanger Fjord Hotel hadde såleis lange tradisjonar då Gustav Lie kjøpte Olsen hotell i 1920. Vest i fruktbygda ligg Leikanger fruktlager, som tek mot frukt frå Leikanger og Sogndal. «Det som ikkje veks i Leikanger, veks ikkje i Noreg», vert det sagt. Med ein middeltemperatur på minus 0,8 grader Celsius i januar, pluss 14,8 grader Celsius i juli og årsmiddel på 994 mm nedbør, har Leikanger eit ypparleg klima for varmekjære planter. Det finst sikre spor etter fruktdyrking i området alt frå 1100-talet, men dyrking av frukt for sal vaks ikkje fram før i andre halvdel av 1800-talet.
Frå kaien på Hanehaug har ein god utsikt over kommunen. Ser ein nøye etter, vil ein oppdage at gardane går frå sjøen og opp mot fjellet. Frukthagane ligg opptil 120 meter over havnivået. Den 4 km lange gang- og sykkelvegen mellom Leikanger og Hermansverk er ei fin vandring med utsikt over Sognefjorden. Ein kan også gå langs Strandavegen mellom Hanehaug og Leikanger kyrkje. Her finst spor av eit gamalt strandsitjarmiljø.

1 Leikanger/Hanehaug / Leikanger Fjord Hotel
2 Hårfagreparken
3 Husabø kongsgard
4 Strandavegen
5 Frækaland

**LEIKANGER/HANEHAUG – FORMER TOWN CENTRE**

Leikanger, also known as Hanehaug, is one out of two historical town centres in the municipality of Leikanger, the other being Hermansverk, today's predominant centre. Systrond is a common name used to refer to the entire town.
Dating as far back as the 1700s, Leikanger/Hanehaug has been a place for commercial activity and postal services, a traffic junction and transport station, as well as offering accommodation. These long-standing traditions laid the foundation for Leikanger Fjord Hotel which was purchased by Gustav Lie, as "Olsen hotel" in 1920. In a large building to the west of Hanehaug, you will find Leikanger Fruit Storage, which receives fruit from farms in Leikanger and Sogndal.
A local saying goes: «Plants that won't grow in Leikanger, won't grow anywhere in Norway». Boasting a middle temperature of minus 0.8 degrees Celsius in January, a middle temperature of plus 14.8 degrees Celsius in July and an annual average of 994 mm precipitation, Leikanger offers an optimal climate for temperate plants. There is evidence of fruit cultivation in the area as early as the 1100s, although commercial fruit cultivation did not take place until the second half of the 19th century.
The quay at Hanehaug provides an excellent overview of the municipality. If you look closely, you will see that the farms start at sea level and stretch up the mountainside. Orchards are found as high up as 120 metres above sea level. The 4 km pedestrian road connecting Leikanger and Hermansverk, provides opportunities for a lovely walk with views of the Sognefjorden. An alternative route which takes you nearer to the fjord is Strandavegen, a road that runs from Hanehaug to Leikanger Church, displaying remnants of an ancient tenant crofter environment.

Systrond sogelag   Opplev Leikanger   Leikanger kommune

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information: www.systrondsogelag.no • www.leikanger.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er laga i eit samarbeid mellom Systrond Sogelag og Opplev Leikanger med støtte frå  Leikanger kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftinga. • Layout: IHP as - Leikanger